

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS



KONKURRANSEGRUNNLAG

Kjøp av brannslukningsanlegg til industribygg i renovasjonsbransjen.

Open anbodskonkurranse del I og III

(innkjøp over EØS terskelverdi)

1 GENERELT

1.1 Oppdragsgjevar

Nordhordland og Gulen Interkommunale Renovasjonsselskap IKS (NGIR) er eit interkommunalt selskap for kommunane Alver, Austrheim, Fedje, Gulen, Solund, Masfjorden og Modalen, og har bl.a. eit eige sorteringsanlegg for næringsavfall og grovavfall frå hushaldningane.

Org.nr: 856167402
Adresse: Lindåsvegen 1260, N-5956 Hundvin, Norge
Kontaktperson: Bente Irene Isdal
E-post: bente.isdal@ngir.no

1.2 Anskaffing

Kjøp av brannslukningsanlegg til to separate industribygg. Bygg 1 er omlastings- og mellomlagingshall for restavfall, og bygg 2 er lager- og sorteringshall for plast og papir.

1.3 Fristar

Fristar og framdriftsplan	
Dato for utlegging på Mercell:	12.12.2023
Tilbodskonferanse:	Vert ikkje gjennomført.
Siste frist for skriftlege spørsmål:	05.01.2024, kl. 12:00
Tilbodsfrist / -opning:	19.01.2024, kl. 12:00 –
Melding om tildeling av kontrakt:	26.01.2024 (Førebels tidspunkt)
Kontraktsinngåing:	Etter avtale
Vedståingsfrist tilbod:	kl. 24:00, 3 månader etter tilbodsfristen.
Oppstart kontrakt:	Ved signering av avtale

1.4 Oppbygging av konkurransegrunnlaget

Konkurransesgrunnlaget består av dette dokumentet samt følgjande bilag:

1. Generelle kontraktsvilkår
2. Kravspesifikasjon
3. Prisskjema

1.5 Kunngjering

Konkurransen er kunngjort i TED-databasen og DOFFIN-databasen, via Mercell.

2 GJENNOMFØRING AV KONKURRANSEN OG KRAV TIL TILBODET

2.1 Prosedyre

Innkjøpet vert gjennomført i samsvar med lov om offentlege anskaffingar (anskaffingsloven) av 17. juni 2016 nr. 73 om offentlege innkjøp (LOA) (i kraft 01.01.2017), og forskrift av 12. august 2016 nr. 974 om offentlege innkjøp (FOA).

Det vert gjennomført ein open anbodskonferanse etter del I og del III i forskrifta (innkjøp over EØS-terskelverdi). Det vil ikkje vere høve til forhandlingar, og dermed ikkje høve til å endre tilbodet på nokon måte som vil verke inn på konkurransen eller rangering av tilboda.

Oppdragsgjevar kan skriftleg be tilbydar ettersende, supplere, avklare eller utfylle mottatte opplysningar og dokumentasjon innan ei kort tilleggsfrist dersom opplysningane eller dokumentasjonen synes å innehalde feil eller uklarheiter, eller dersom bestemte opplysningar eller dokumenter manglar. Ettersom dette er ein kan-regel så betyr det at oppdragsgjevar ikkje er pliktig til å avklare med mindre årsaka er uklarheit i eige konkurransegrunnlag. Ei ettersending, supplering, avklaring eller utfylling etter første ledd skal ikkje medføra at tilbodet forbeholdt.

Det vert gjort oppmerksom på at tilbod som inneheld vesentlege avvik frå anskaffingsdokumenta skal avisast etter forskrift om offentlege anskaffingar § 24-8(1)b.

2.2 Tilleggsopplysningar

Tilbydar kan skriftleg be om tilleggsopplysningar, dersom ein meiner at konkurranse- eller tilbodsgrunnlaget har manglar. Dersom tilbydar let vere å varsle om feil som tilbydar har oppdaga, eller openbart kunne eller burde ha oppdaga, kan vedkommande ikkje seinare nytte dette som grunnlag for å klage på gjennomføringa av denne konkurransen.

All kommunikasjon i prosessen skal gå via Mercell portalen. Det vil seia at oppdragsgjevar ikkje skal kontaktast direkte for spørsmål. Bakgrunnen for dette er at alt skal loggførast.

Når tilbydar er inne på konkurransen skal fanebladet «Kommunikasjon» veljast. Deretter skal ein klikka på ikonet «Ny melding» i menylinja. Skriv inn spørsmålet/informasjon og trykk deretter på «Send». Oppdragsgjevar vil deretter motta meldinga. Dersom spørsmålet angår alle tilbydarar, vil oppdragsgjevar svare anonymt ved å gje svaret via Mercell.

2.3 Rettingar, suppleringar eller endringar i konkurransegrunnlaget

Før tilbodsfristen har oppdragsgjevar rett til å gjere rettingar, suppleringar og endringar av tilbodsgrunnlaget som ikkje er vesentlege. Rettingar, suppleringar eller endringar i tilbodsgrunnlaget, vert sendt til alle som har meldt si interesse i Mercell. Opplysningar som oppdragsgjevar gjev på førespurnad av ein tilbydar, vil bli sendt til alle interesserte i anonymisert form.

Opplysningar om rettingar, suppleringar og endringar, vert kunngjort elektronisk via Mercell portalen. Ved revisjon av konkurransen vil dette visast som ein ny versjon av konkurransen. Når det gjeld tilleggsopplysningar så vil dette komme fram under fanebladet «Tilleggsinformasjon» i Mercell.

2.4 Innlevering av tilbod og tilbodsutforming

Alle tilbod skal leverast elektronisk via Mercell portalen, www.mercell.no innan tilbodsfristen. Det vil

ikkje vere mogleg å sende inn tilbod elektronisk via Mercell etter tilbodsfristens utløp. Dersom tilbydar ikkje er brukar hjå Mercell, eller dersom ein har spørsmål knytt til innsending, ta kontakt med Mercell Support på tlf.: 21 01 88 60 eller på e-post til: support@mercell.com.

Det vert tilrådd at ein leverer tilbodet i god tid før tilbodsfristens utløp. Dersom det kjem tilleggsinformasjon frå oppdragsgjevar før tilbodsfristen går ut, kan tilbydar opne sitt eige tilbod og gjere endringar heilt fram til tilbodsfrist. Det tilbodet som er datert sist vert rekna som det endelege tilbodet.

Ved innlevering kan tilbydar bli bedt om ein elektronisk signatur for å stadfesta at det er eit reelt føretak som har sendt inn tilbodet. Elektronisk signatur kan skaffast på www.commfides.com, www.buypass.no eller www.bankid.no. Det kan ta nokre dagar før dette er på plass så tilbydar må sette i verke denne prosessen så snart som mogleg.

Tilbodet skal vere på norsk, men dokumentasjon, attestar mv. kan vere på skandinavisk eller engelsk.

Følgande dokument skal leggast ved under fanebladet «Dokumenter» i Mercell-portalen:

Dokumentasjon
Signert og utfylt prisskjema, bilag 3
Utfyllande om leveransen, bilag 2 Utfyllande opplysningar om leveransen i samsvar med konkurransegrunnlaget.
Atterhald og avvik Sjå krav til dokumentasjon i punkt 2.5
Evt. forpliktingsfråsegn frå underleverandørar Dersom underleverandørar tar ansvar for transport og/eller behandling, eller dersom tilbydar må støtte seg på slike for oppfyljing av kvalifikasjonskrava.
Sladda versjon av tilbodet Komplett sladda versjon i pdf-format eller tilsvarande av tilbodet der tilbydar har sladda det som ein reknar som forretningsløyndomar.

Tilbydar er ansvarleg for at alle spørsmål, krav og avklaringspunkt i konkurransegrunnlaget / tilbodsgrunnlaget vert utfyllande svara på.

2.5 Atterhald og avvik

Atterhald og avvik skal vera tydelege med omsyn til korleis dei verkar inn på prisoppsett, kvantitet og leveringsevne. Det skal vera mogleg for oppdragsgjevar å tyde atterhald og avvik utan å ta kontakt med tilbydar, og dei skal referere til relevante punkt i konkurransegrunnlaget og takast inn i tilbods brevet.

Evt. tilvisingar til standardiserte leveringsvilkår eller liknande, vert rekna som atterhald dersom dei har avvik i høve til konkurranse- eller kontraktsvilkåra.

Utydelege og/eller vesentlege atterhald og avvik, feil, manglar eller uklære moment som fører til at oppdragsgjevar ikkje kan evaluere tilbodet, kan føre til at tilbodet vert avvist.

2.6 Alternative tilbud og deltilbud

Tilbud skal leverast i samsvar med konkurransegrunnlaget, og alternative tilbud vert ikkje akseptert. Parallele tilbud er derimot mogleg. Det er ikkje høve til å gje tilbud på deler av tenesta.

2.7 Offentleg prosess.

Innleverte tilbud og tilbudsprotokoll vert rekna som ikkje offentlege, jf. Offentleglova av 19.5.2006 nr.16 § 23, til etter at melding om tildeling av kontrakt er sendt ut. Etter det tidspunktet er tilbud og tilbudsprotokoll rekna som offentlege, med dei unntak som kjøpar bestemmer.

Saman med tilbodet skal tilbydar legge ved ein sladda versjon der tilbydar har sladda det han meiner er forretningsløyndommar. Det skal tydeleg gå fram kva som er sladda i tilbodet, og tilbydar skal ikkje slette informasjon, men markere med sladd. Vær oppmerksom på at sladd kan fjernast om dette ikkje vert gjort riktig.

Oppdragsgivar vil ta ei sjølvstendig vurdering av dokumenta ved eventuelle krav om innsyn, men, vil så langt det er råd innanfor lovverket, ta omsyn til tilbydar side innspel. Oppdragsgjevar tar ikkje på seg noko form for erstatningsansvar knytt til offentleggjering av tilbudsdokumentasjon.

2.8 Teieplikt

Oppdragsgjevar og tilsette hjå oppdragsgjevar pliktar å hindra at andre får tilgang eller kjennskap til opplysningar om tekniske innretningar og framgangsmåtar eller drifts- og forretningstilhøve som vert rekna som forretningsløyndommar, jf. FOA § 7-4, jf. lov av 10. februar 1967 om handsaming av forvaltningssaker (forvaltningslova) § 13.

2.9 Åpenhetslova

Åpenhetslova blei vedtatt av Stortinget og trådte i kraft 01.07.2022. Lova skal fremme respekt for grunnleggande menneskerettar og anstendige arbeidsforhold, og sikre offentleg tilgang til denne informasjonen. Dette inneber at oppdragsgjevar forpliktar seg til å foreta såkalla aktsomhetsvurderingar av sine leverandørar. Tilbydar kan bli bedt om dokumentasjon på at åpenhetslova vert overhaldt i leverandørkjeda for denne leveransen.

2.10 Eventuell bruk av underleverandør

Tilbydar skal opplysa om han har til hensikt å bruka underleverandørar til å oppfylle kontrakten og kva deler av kontrakten underleverandørane skal utføre. Dersom det skal nyttast underleverandørar skal det opplysast om dette i ESPD-skjemaet som vert fylt ut via Merzell. Det skal opplysast om namn og organisasjonsnummer til underleverandørane og plasseringa til desse i organisasjonsplanen.

Dersom tilbydar må støtte seg på underleverandør for å tilfredsstille kvalifikasjonskrava i punkt 3, skal det opplysast om dette i ESPD-skjemaet. Dersom dette er tilfelle, skal det som ein del av konkurransen vere ei stadfesting frå underleverandøren der han forpliktar seg til å stille med tilstrekkeleg kapasitet ved ein eventuell kontrakt, jf. FOA § 16-10 (2), og den aktuelle underleverandøren må også levere eit eige og separat ESPD- skjema som ein del av tilbodet, jf. FOA § 17-1 (6).

2.11 Krav til løns- og arbeidsvilkår.

I forskrift om løns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar (FOR-2008-02-08-112), vert det stilt krav om at tilsette i verksemdar som utfører tenester eller bygg- og anleggsarbeid for offentlege oppdragsgjevarar, ikkje har dårlegare løns- og arbeidsvilkår enn det som følger av gjeldande ålmenngjeringsforskrifter eller landsomfattande tariffavtale for den aktuelle bransjen.

Det vert såleis føresett at tilbydar gjer seg kjent med vilkåra i kontrakten, jf. bilag 2, punkt 13, der det er krav om lønns- og arbeidsvilkår i offentlege kontraktar.

2.12 Informasjon om tildeling av kontrakt

Oppdragsgjevar vil evaluera tilboda i samsvar med krava i konkurransegrunnlaget og tildelingskriteria. Når oppdragsgjevar har bestemt kven som vil få kontrakten, vert dette samstundes varsla skriftleg til alle tilbydarar i rimeleg tid før kontrakten vert inngått, jf. FOA §25-1. Med «kontrakt inngått» vert meint tidspunktet då begge partar har signert kontrakten.

Det er ein karenstid på minimum 10 kalenderdagar rekna frå den dato varsel om tildeling er sendt elektronisk. Ved utløpet av karenstiden har kjøpar til hensikt å inngå kontrakt, og eventuelle klager på tildeling må framsettast innan fristen.

Før tildeling av kontrakten vil oppdragsgjevar krevje at valt tilbydar straks leverer oppdaterte dokumentasjonsprov på kvalifikasjonskrava.

2.13 Kostnader

Leverandøren må dekke alle eigne kostnader i samband med deltaking i tilbodskonkurransen.

3 VILKÅR OG KVALIFIKASJONSKRAV

3.1 Generelt om kvalifikasjonskrava

For denne konkurransen gjeld alle avvisingsgrunnane i forskriftas § 24-2, inkludert dei reint nasjonale avvisingsgrunnane. Stadfesting av at det ikkje føreligg grunnar for avvising, samt oppfylling av kvalifikasjonskrava angitt i pkt. 3.2, er ein forutsetning for vidare deltaking i konkurransen. Tilbydar skal som ein del av tilbodet ein leverer i Mercell portalen, levera utfylt ESPD- eigenerklæringsskjema som foreløpig dokumentasjon for at ein oppfyller kvalifikasjonskrava og at det elles ikkje er grunnlag for avvising.

Det må såleis ikkje leggast ved tilbodet dokumentasjon på kvalifikasjonskrava i punkt 3.2.

Tilbydar som vert valt må før signering av kontrakt leggje fram dokumentasjon på at kvalifikasjonskrava er oppfylt. Oppdragsgjevar kan ved evaluering av tilboda og be om dokumentasjon frå fleire tilbydarar.

3.2 Kvalifikasjonskrava for denne konkurransen

3.2.1 Organisatorisk og juridisk stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal være eit lovleg etablert føretak.	<ul style="list-style-type: none">Norske selskap: FirmaattestUtanlandske selskap: Dokumentasjon på at selskapet er registrert i bransjeregister eller føretaksregister som gjeld i landet der oppdragstakar er etablert.

3.2.2 Økonomisk og finansiell stilling

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha økonomisk kapasitet til å gjennomføre kontrakten/leveransen.	<ul style="list-style-type: none">Kredittvurdering som baserer seg på siste kjente rekneskapstal. Kreditt rating skal vere A, eller tilsvarande. Ratinga skal vere utført av føretak som har konsesjon for kredittopplysing.Dersom leverandøren ikkje oppfyller kvalifikasjonskravet gjennom ovanfor nemnte dokumentasjon, kan annan dokumentasjon kjøpar finn eigna til å dokumentera økonomisk og finansiell kapasitet akseptert, som til dømes morselskapsgaranti eller annan garanti/sikkerheit.

3.2.3 Grunnleggjande kompetanse

Krav	Dokumentasjonskrav
Leverandøren skal ha relevant erfaring frå tilsvarande leveransar.	<ul style="list-style-type: none">Opplisting av relevante referansar siste 3 år. Referansane må omfatte opplysingar om oppdragsgjevar, verdi og tidspunkt

4 TILDELINGSKRITERIUM OG KRAV TIL YTINGA

4.1 Kravspesifikasjon

Krav til ytinga er spesifisert i bilag 2.

4.2 Vilkår for tildeling av kontrakt

Tildelinga skjer på basis av kva tilbod som totalt sett gir det beste forholdet mellom pris og kvalitet basert på følgande kriterium:

Kriterium	Dokumentasjonskrav	Vekt
Pris		
Pris , rekna ut frå følgjande: <ul style="list-style-type: none">- Samla pris for brannslukningsanlegg i bygg 1 og 2, samt pris på service avtale.	<ul style="list-style-type: none">• Utfylt bilag 3 – Prisskjema	80 %
Kvalitet		
Kvalitet for leveransen vurdert ut frå følgjande kriteria: <ul style="list-style-type: none">- Leveransens funksjon, tekniske verdi og driftssikkerheit for øvrig, inkludert bl.a. materialval og tekniske løysingar, samt omfang og vilkår for garantiar.- Leveringstid inkludert leveringsplan, her under i kva grad angitt leveringstid kan ansjås som forpliktande for leverandør.	<ul style="list-style-type: none">• Utfyllande skildring av leveransen i.h.t. bilag 2.	20%

Ved evaluering av tilboda i høve til dei ulike kriteria, vert det for kvart kriterium nytta ein poengskala frå 0-10, der 10 er best. Total poengsum vert deretter rekna ut på grunnlag av vektene for kvart av kriteria.

Evaluering av pris skjer på grunnlag av ein lineær skala, der tilbydaren med lågast pris får 10 poeng, og ein prisskilnad på 100% gjev 0 poeng.

Det vert elles teke omsyn til eventuelle atterhald og avvik under det enkelte kriterium.

4.4 Kansellering av konkurransen

Kjøpar kan kostnadsfritt avlysa konkurransen eller forkasta alle tilbod dersom det føreligg sakleg grunn.